



Referat styremøte

Stad: Gloppen Hotell, Sandane
Dato: 27. februar kl 1000 - 1500

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Hanne Oftedal, styremedlem Arild Bergstrøm, styremedlem Kristin Maurstad, styremedlem Jan Arve Lund, styremedlem Hilde Wiik.

Styremedlem Gunhild Berge Stang hadde meldt forfall, varamedlem Hege Lothe hadde ikkje høve tili å møte.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim. Prosjektleiar Øyvind Tåsåsen orienterte om byggeprosjekta

Orienteringar i møtet:

Byggeprosjekta

Status fellesmagasinet

Status vernebygg for Holvikejekta etter anbodsopning 15. februar

Status Kystmuseet

Medarbeiderundersøkinga 2023

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Årsrekneskap 2022

Årsrapport 2022

Budsjettsøknad 2024

Jakob Sande – Senter for forteljekunst

Astruptunet

Saker til handsaming:

Sak 1/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2/2023 Referat frå styremøte 8. desember 2022

Sak 3/2023 Sjukefråver 4. kvartal 2022



- Sak 4/2023** **Årsrekneskap 2022 med årsmelding**
- Sak 5/2023** **Årsrapport 2022**
- Sak 6/2023** **Eigarstyre eller venelag?**
- Sak 7/2023** **Ordning med bygningsvernkonsulent**
- Sak 8/2023** **Vedtektsendring**
- Sak 9/2023** **Restaurering av Astruptunet (orienteringssak)**
- Sak 10/2023** **Besøktal**
- Sak 11/2023** **Budsjettsøknad 2024, stat og fylkeskommune**
- Sak 12/2023** **Dato for rådsmøte**
- Sak 13/2023** **Eventuelt**

Sak 1/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 2/2023 Referat frå styremøte 8. desember 2022

På grunn av sak om vedtektsendringar er referatet frå 8. desember allereie signert og dermed godkjent.

Sak 3/2023 Sjukefråver 4. kvartal 2022

Vedtak:
Styret tek framlagd informasjon om totalt sjukefråver på 7,32% til etterretning.

Sak 4/2023 Årsrekneskap 2022 med årsmelding
Sakshandsamar: Janne Gimmestad/Morten Skrede

Vedtak:
Styret godkjenner årsmelding og årsrekneskap med balanse, notar og kontantstraum som Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sin rapport for 2022. Rekneskapen viser ei omsetning på 69 432 524 kr og eit underskot på kr 464 902 som vert dekkja av annan eigenkapital.

Sak 5/2023 Årsrapport 2022
Sakshandsamar: Henning Hellebust

Vedtak:
Styret vedtek framlagt årsrapport 2022 som skildring av aktiviteten i stiftinga i 2022.



Sak 6/2023 Eigarstyre eller venelag?
Sakshandsamar: Jan Heggheim

Vedtak:

Styret rår til ein fusjon mellom Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Styret ser på venelag som ein god ressurs og oppmodar lokale entusiastar til å skipe slike, og vil etter avtale stille ressursar til rådvelde i ein oppstartsfase.

Sak 7/2023 Ordning med bygningsvernkonsulent
Sakshandsamar: Thomas Walle/Jan Heggheim

Vedtak:

Styret tek saka om bygningsvernkonsulent til etterretning, og stiller seg positive til tilrådinga i rapporten (frå Telemarksforsking). Styret ber om at rådgjevarstillingane blir fullfinansiert med friske midlar for å få til ei ordning med same verknad for tiltakshavarar, kommunar og museum.

Sak 8/2023 Vedtektsendring
Sakshandsamar Jan Heggheim

Vedtak:

Styret vedtek dei vedlagde vedtektene og signerer desse som stiftinga sine vedtekter gjeldande frå 27. februar 2023

Sak 9/2023 Restaurering av Astruptunet (orienteringssak)

Vedtak:

Styret tek orienteringa om Astruptunet til vitende.

Sak 10/2023 Besøktal

Vedtak:

Styret tek besøktala på 39 400 til etterretning og ber om nærare analyse og skildring av aktuelle tiltak for å betre besøktala.

Sak 11/2023 Budsjettsøknad 2024, stat og fylkeskommune

Vedtak:

Styret legg fram budsjettsøknad som presentert som stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sin budsjettsøknad til staten ved kultur- og likestillingsdepartementet og Vestland fylkeskommune.



Sak 12/2023 Dato for rådsmøte

Vedtak:

Styret tilrår rådsmøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane den 19. april 2023 i Førde, eventuelt på teams, der styret er representert ved styreleiar.

Sak 13/2023 Eventuelt

Der var ingen saker melde til eventuelt